



Kultur- og kyrkjedepartementet
Postboks 8030 Dep,
0030 Oslo

Dykkar referanse:
/

Vår referanse:
0206/610-06 VH

Dato:
26. januar 2004

UTKAST TIL ENDRINGAR I FORSKRIFT TIL LOV OM MÅLBRUK I OFFENTLEG TENESTE

Vi viser til høyringsbrev dagsett 18. april 2006 der Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) blir oppmoda om å laga ei høyringfråsegn.

Statistikken syner at alt for mange statlege etatar og organ ikkje følgjer opp mållova. Det kan vera mange grunnar til dette: manglande kompetanse, manglande vilje, likesæle eller mangel på sanksjonar dersom nokon bryt lova. Det er gledeleg at departementet tek tak i dette problemet og ønskjer å rydda opp.

Prinsippet om at krav til rapportering om målbruk blir forskriftsfesta er viktig, og vi ser for oss ulike modellar som kan gjera denne rapporteringa meir synleg, og dermed meir forpliktande.

Departementa lagar i dag årsrapportar til m.a. Riksrevisjonen og til publisering på nettet, i tillegg til hovudrapportering til Stortinget i dei årlege budsjettproposisjonane (st.prp nr. 1). Andre statsorgan som direktorat o.a. underliggjande etatar lagar sine rapportar og sender desse til overordna departement. Innhaldet i rapportane har primært fokus på fagområda til dei respektive organ, men dei har i tillegg nokre faste rapporteringsområde som t.d. likestilling og miljø. I tillegg lagar dei fleste statsorgana årsmeldingar som vert offentleggjorde.

Sidan desse rutinane alt er på plass ser vi det som naturleg at føringar på språkbruk vert arbeidd inn i rapportane. Vi tillet oss derfor å koma med slikt forslag til nytt fjerde ledd i forskrifta § 6:

"Departementa skal i sitt årlege budsjettforslag til Stortinget gjera greie for fordelinga mellom målformene i departementet og i sin sektor. Andre statsorgan skal tilsvarende gjera greie for fordelinga hjå seg i sine årsrapportar til overordna departement, og i årsmeldingane sine."

Vi meiner det er viktig at dette området vert løfta fram i St.prp. nr 1, der ein del andre overgripande tilhøve i dag vert rapportert fast (t.d. likestilling, miljø). Dette vil vera med på å auka merksemda rundt desse spørsmåla, særleg på leiarnivå (både administrativt og politisk). Rapportering i dei enkelte fagbudsjetta vil også gjera at fagkomiteane på Stortinget vil verta ansvarleggjorde meir, at dei får betre tilgang til informasjon om språkstoda i "sine" organ og at de såleis lettare kan følgja opp når det trengst.

Alternativet til at kvart einskild departement gjev ei slik orientering, er at KKD gjer det årleg i sin budsjettproposisjon. Det vil i prinsippet gje Stortinget same informasjonen, men ikkje sikra same merksemda rundt dette i dei ulike departementa og i fagkomiteane på Stortinget.

Forslaget om at andre statsorgan (enn departementa) skal gjera greie for fordelinga mellom målformene i årsrapportane til overordna departement og i årsmeldingane sine har same grunngjeving. Slike rutinar vil gje auka merksemd rundt desse spørsmåla, særleg på leiarnivå. I tillegg vil det gjera at overordna departement må ta med oppfølginga av mållova i si etatsstyring. Det vil vera eit viktig verkemiddel for å få etatane til å prioritera/ta på alvor arbeidet med måljamstelling. I praksis fører dette til lite meirarbeid for organa, då dei kan bruka det dei alt har sendt til Språkrådet/overordna departement. Det vanlege er at årsrapportane til overordna departement vert sendt inn i februar, og årsmeldingane (dei offentlege) vert utarbeidde på vårparten ein gong, dvs i god tid etter 31. januar.

Desse krava bør klart forskriftsfestast for å sikra gjennomføringa, og det er heimel til dette i mållova § 11. Statistikk over korleis mållova har vore etterlevd fram til no, viser vel at regjeringa også bør fastsetja dette som instruks.

Vi håpar dette innspelet kan vera til nytte for departementet i det vidare arbeidet med saka.

Med vennleg helsing
LANDSSAMANSLUTNINGA AV
NYNORSKKOMMUNAR (LNK)

Vidar Høviskeland
dagleg leiar